



Foto: Magne Sandnes

– Eg fekk ikkje studere to ting samstundes, så eg gjekk på konservatoriet som privatist medan eg studerte medisin. **Geir Olve Skeie** er overlege ved Nevrologisk avdeling, Haukeland universitets-sjukehus og professor II ved Griegakademiet.

– Eg var så heldig å få studere under Jiří Hlinka, ein fantastisk inspirerande musikar. Han kunne olboge deg av pianokrakken for å ta over tangentane. No spelar eg mest i forbindelse med foredraga mine om musikk og hjernen, gjerne Geirr Tveitt, Chopin eller Rakhmaninov.